



## SÆRUTSKRIFT

---

**Saksnr.: Utvalg:**  
0005/03 Hovudutval for utvikling

**Møtedato:**  
25.11.03

### SAKSFRAMLEGG

---

**Sakshandsamar:** Martha Kari Karlsen  
**Arkivsaksnr.:** 03/00974

**Arkiv:**

---

## HØYRING - NOU 2003:14 - BETRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN.

### **Bakgrunn:**

Planlutvalet vart oppretta ved kgl.res. 23.10.1998 og har vore sett saman av ulike representantar frå ulike interesseorganisasjonar og ekspertmiljø. Utvalet er leda av professor dr.juris Hans Christian Bugge. Utvalet sitt mandat har vore å vurdere om planleggingsbestemmelsene i plan og bygningslova bør endrast, slik at det vert lettare å ta vare på dagen -og morgodagen sine viktige samfunnsinteresser gjennom planlegginga.

Departementet vil legge vekt på endringar i loven som kan forenkla og effektivisere planbehandlinga.

### **Saksbehandlar si vurdering:**

I Vang kommune ligg mesteparten av areala i område som nå er foreslege til LRNF – Areal for landbruks-, reindrifts-, natur- og friluftsmål.

Slik miljøverndepartementet sin rettleiar T-1382 har vore praktisert i LNF områda har det vore vanskeleg å finne gode løysingar på bruken av utmarksressursane me har i kommunen. Vang kommune er i ei særstilling då mest alt areal er i privat eige, og grunneigarlag og sameiger må kunne ha lov til å bruke rettane dei har. Kor vidt dette skjer ved eigen bruk eller ved ein kombinasjon av sal av varer og tjenester utmarka kan produsere må tida og tilhøva regulere. Aktuell problemstilling nå er bortleige av ulike fangstrettar knytt til jakt og fiske, og med det behov for nybygg eller oppgradering av eksisterande fiskebuer/jaktbuer og anna. Dette må kunne skje utan at det er nødvendig å legge slike områder inn som byggeområde i arealplanen. Dersom bortleige av ein fiskerett med naust gjev klingande mynt inn i kassa til

grunneigaren bør LRNF kategorien kunne gje løyve til slike bygg utan at desse sakene må behandlast som dispensasjonssaker.

Det same gjeld annan inntekt som styrker næringsgrunnlaget på garden t.d bortleige av hytter etc. Altså ynskjer me at landbruksformålet kan kombinerast med annan verksemd for at me skal kunne skaffe inntekt på garden.

Det er viktig at LRNF kategorien legg til grunn at det er private eigarar av desse areala som t.d i Vang kommune, og at det må opnast for at kommunen kan gje føresegner (bestemmelser) for desse områda slik at eigarane av areala kan omstille seg og følgje med på alminneleg tilpassing til samfunnsutviklinga i landbruket.

Kva aktivitetar som kjem inn under LRNF formålet:

Det er bra at næringsverksemd knytt til garden kjem inn under LRNF formåla i det nye lovforslaget. Dette er nødvendig for små bruk som treng fleire bein å stå på. Utnytting av utmarksressursane er stadig framme som ei potensiell inntektskjelde for mange bruk, og planloven må då legge forholda til rette for dette. Dette burde vore sjølvsgt – då bruken av utmarka i Vang har vore slik frå lang tid attende. Det må ikkje vere så store krav til inntekt på attåtning at dei fleste gardane i Vang fell utanom reglane. Å vurdere kva som er vesentleg inntekt på ein liten gard her er vanskeleg for utanforståande, då mange små attåtningstekter kan vera avgjerande for om ein i det heile kan drive i landbruket.

Dersom innføringa av "hensynsoner" fører til at den private eigedomsretten blir redusert og at verdien av desse områda går ned for grunneigaren må det sjølvsgt ytast erstatning frå den som bandlegg områda.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vang kommune gjev uttale til NOU 2003 nr 14 –Betre kommunal og regional planlegging etter plan-og bygningsloven i samsvar med saksbehandlar si vurdering.

### **Behandling/vedtak i Hovudutval for utvikling den 25.11.03**

#### **Handsaming:**

#### **Vedtak:**

Som framlegget.  
Samrøystes.

Melding sendt: Miljøverndepartementet

VANG KOMMUNE  
LANDBRUK/TEKNISK FORNOR  
20/11-03 *[Signature]*